

# MÅNADSBREV OM MAT OG LANDBRUK I VERDA


Nummer 4-2024. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Olav Randen. boksmia@online.no

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider. Me vil gjerne ha fleire abonnentar.

Tema for dette nummeret er verdas småbrukarar og FN-arbeidet med erklæring om småbønders rettar.

Har du som les, stoff eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 5 i dette brevet.

Frå FAO: Statistical Yearbook of Agriculture 2023



Agriculture employed 873 million people in 2021, or 27% of the global workforce, compared with 1 027 million (or 40%) in 2000.

## VERDAS SMÅBRUKARAR – FORSØK PÅ EIT OVERBLIKK

17. april var Verdas småbrukardag, oppretta til minne om 19 småbrukarar som vart avretta i Mato Grosso i Brasil denne dagen i 1996, fordi dei sette seg imot at storselskap skulle få overta jorda deira til industriell soyadyrking. I høve dagen er verdas småbrukarar tema for dette månadsbrevet.

### KVEN ER SMÅBRUKAR

Gardbrukar, bonde, storbonde, småbonde, småbrukar, minibrukar, hobbybonde. Orda er mange og omtrentlege, slik det nesten må vere blant yrkesutøvarar i så ulike situasjonar som det verdas bønder er. Går me attende i tid, var orda og levevilkåra andre, med husmenn med og utan jord, innerstar og leiglendingar. Og på liknande vis er det i mange språk. I FN-fråsegna om småbønders rettar, UNDROP, blir småbrukar, *peasant* på engelsk, definert slik i artikkel 1:

*I denne fråsegna meinest med ein småbrukar (peasant) ein person som er sysselsett, åleine eller saman med andre eller som del av eit samfunn, i småskala landbruksproduksjon for sjølvberging og/eller for marknaden, og som i stor grad, men ikkje nødvendigvis berre, er avhengig av familie- eller hushaldsarbeid eller andre, ikkje-betalte måtar å organisere arbeidet, og som er avhengig av og har band til jorda.*

I punkta 2 til 4 i same paragrafen blir omgrepet utvida til å gjelde andre grupper nært knytte til naturen, alle med husdyr, folk som lever av skogbruk, sanking, jakt og fiske, husdyrnomadar og innleigde arbeidarar i landbruket, og til familiane til alle desse.

Som hovudtrekk kan me snakke om ein vid og ein trong definisjon av ordet. FN-fråsegna bruker altså den vide og inkluderer alle som heilt eller delvis lever av fysisk arbeid med matproduksjon i natur. Det er i tråd med til dømes det latinamerikanske *campesinos*. I anglosaksiske språk blir ofte sterkare avgrensing nytta. Her held eg meg til den utvida definisjonen, men fordi situasjonane er så ulike, er det vrient å vere konsekvent.

Det finst mange fellestrekk mellom småbrukarar. Deira driftsmåtar skil seg på mange vis frå godseigarar, storbønder og agroindustri. Dei disponerer ikkje så mykje jord, og anten eiga eller leigd. Dei er bundne til dei jordstykkane dei driv. Dei lever i hovudsak eller berre av eige, fysisk arbeid. Dei har ein avgrensa tilgang til husdyr, såfros og reiskapar. Ein del av maten dei produserer, et dei sjølve. Dei fleste lever i bygde- eller landsbyfelleskap. Eller dei levde før i slike fellesskap, ei av dei store endringane i vår tid er at felles-

skapa raknar.

Eit viktig skilje frå mange yrkesgrupper gjeld tid og stad. For industriarbeidaren er arbeidsplassen ofte noko flyktig. Om eit år eller fem kan ho eller han vere i arbeid annan stad, kanskje av anna slag og med annan buplass. Småbrukaren eller den vesle bonden planlegg vanlegvis å drive jorda heile livet og å bli buande same staden. Når den store kapitaleigaren tenkjer arv, handlar det gjerne om fast eigedom eller kapital meir enn om arvtakar til bedrifta eller bedriftene. Når småbrukaren tenkjer arv, handlar det om å overdra den same jorda som ho eller han dreiv, i betre stand enn den var då han tok over. Ei slik målsetjing synest vere global. Småbrukaren har altså, i overført tyding, røter.

Det er fleire skilje. Ein del av produkta frå småbrukaren går til eige hushald, medan entreprenørbonden baserer seg på marknaden. Småbrukaren prøver så langt råd å vere uavhengig av styresmakter og andre verksemdar, medan entreprenørbonden legg opp til eit utstrekt samarbeid med stat og kapital. Dette gjer at småbrukaren ofte greier seg vel så godt som entreprenørbonden i usikre tider og under vanstyre.

Dette trass i at landbrukspolitik, omsetningsapparat og rettleiingstenest

i hovudsak er for dei store. Landbruks-etaten skulle tene *de almindelige Bønder ... medens de smaa Brug maa bestyres saaledes som Tilfældet byder*. Med slike ord formulerte Jonas Smitt, som i 1877 vart Norges første landbruksdirektør, ein synsmåte som har vore til stades og vanlegvis dominert landbrukspolitikken i vestlege land dei siste 150 åra, og som frå desse landa har vore prøvt eksportert til andre delar av verda.

Det er også slik i dei fleste land at småbonden får lita merksemd. På leit etter historia om verdas småbrukarar har eg funne berre to nokolunde oppdaterte bøker, sjå van der Ploeg og Wolf i litteraturlista til slutt i denne artikkelen.

Det at dei er nesten usynlege, gjeld kvinner endå meir enn menn, og det gjeld barn som deltek i arbeidet på mange småbruk. I FAOs tal for registrerte bønder er to av fem innanfor landbruket kvinner.

	2000	2021
<b>Verdsdelar</b>		
<b>Verda</b>	39,7	26,6
<b>Europa</b>	11	5,1
<b>Asia</b>	48,5	29,3
<b>Afrika</b>	57,7	48
<b>Amerika</b>	12,1	9,5
<b>Oseania</b>	12,2	6,6
<b>Nordiske land</b>		
<b>Norge</b>	4,3	2,3
<b>Sverige</b>	2,9	2
<b>Danmark</b>	3,7	2
<b>Finland</b>	6,2	4,1
<b>Europeiske land</b>		
<b>Belgia</b>	1,9	0,9
<b>Frankrike</b>	4,1	2,5
<b>Storbritannia</b>	1,5	1
<b>Tyskland</b>	2,6	1,3
<b>Tsjekkia</b>	5,2	2,5
<b>Ukraina</b>	22,4	14,7
<b>Russland</b>	14,5	5,8
<b>Asiatiske land</b>		
<b>Kina</b>	49,2	24
<b>India</b>	59,6	44
<b>Bangladesh</b>	60,8	37,1
<b>Afrikanske land</b>		
<b>Namibia</b>	41,9	46,7
<b>Etiopia</b>	76,7	63,7
<b>Amerikanske land</b>		
<b>USA</b>	2,3	1,7
<b>Brasil</b>	16,3	9,7
<b>Cuba</b>	22,7	17,7

Prosent registrert sysselsette i primærnæringane i verda, verdsdelar og ein del land 2000 og 2021. Kjelde: FAO: Statistical yearbook 2023.

## RUNDT EIN MILLIARD SMÅBRUKARAR

Gjennom tida frå landbruk vart vanleg i yngre steinalder og fram til dei siste tiåra har meir enn halvdelan av verdas yrkesutøvarar vore gardbrukarar av ulike slag. I 1950, den tid globale tal tok til å kome, gjaldt det to av tre.

Av verdas 600 millionar gardar, har 510 millionar eller 85 % under 20 dekar vekstjord. Med grov pensel kan me seie at desse 510 millionane er verdas småbruk.

Tala for yrkesutøvarar i primærnæringane viser vel ein milliard i år 2000, litt under ein milliard i 2010 og 873 897 000 i 2021, det siste året tal ligg føre frå. Talet omfattar altså også fiskarar, skogsarbeidarar, jegerar og sankarar, og dei gjeld alle, små og store, innanfor desse yrkesgruppene. Rundt rekna høyrer mellom 80 og 90 % av dei til gruppa småbrukarar, slik ho er definert i det føregåande. Desse tala er grunnlaget for den vurderinga at det finst rundt tre kvart milliard registrerte småbrukarar.

I industrien var det same år nesten 800 millionar arbeidarar. Reknar me servicenæringar samla, blir den yrkesgruppa dobbelt så stor. Spaltar me desse næringane og til dømes skil mellom butikkarbeidarar, helsearbeidarar og byråkratar, blir primærnæringane størst og småbrukarar verdas største yrkesgruppe.

Men for småbrukarar blir kategoriseringa nokså ufullstendig. Ein byråkrat eller ein industriarbeidar utfører arbeidet åleine på heiltid eller deltid, og vanlegvis utan innblanding av ektemake, barn, foreldre, svigerforeldre eller andre kårfolk. Eit småbruk eller familiebruk er arbeidsplass, iallfall innimellom, ikkje berre for den registrerte utovaren, men også for ektemake, barn og ofte foreldre. Det arbeidet alle desse utfører for at bruket skal vere i god drift, kjem ikkje fram i statistikkane. Om alt dette hadde kome med, ville truleg talet på heiltids- og deltids yrkesutøvarar nærme seg eller runda ein milliard, og kvinner ville vere i fleirtal.

## DRAMATISK NEDGANG

Rundt år 1500 budde ein halv milliard menneske på kloden, ca. 1803 passerte folketalet milliard, i 1928 2 milliardar, i 1974 4, i 1998 6 og 15. november 2022 8. Men dei siste tiåra har som nemnt talet på yrkesutøvarar i primærnæringane gått ned. Tabellen til venstre, som gjeld verdas registrerte bønder, viser endringane i prosent globalt og i eit utval land mellom år 2000 og 2021. I 2000 var to av fem yrkesutøva-

rar innan primærnæringane, no er talet litt over ein av fire.

I den vestlege verda er det no store land med berre rundt ein prosent av dei sysselsette i primærnæringane, i Tyskland såleis 1,3 %, Storbritannia 1 % og Belgia 0,9 %. USA har no fleire fengselsfangar enn bønder. I Norge i 1948 arbeidde 30 % i primærnæringane, 30 % i sekundær- og 40 % i tertiærnæringane. No er tilsvarande tal 2, 20 og 78 %, sjå graf neste side.

Ein hovudtanke i marknadsliberal politikk i land etter land er at land som reduserer talet på bønder og andre i primærnæringar mest råd, står best rusta i konkurransen. Det skjer, meiner dei, på to måtar, med at rike land blir endå rikare om dei kjøper maten til lågast mogleg marknadspris i staden for å fremje produksjon i heimlandet, og med at det blir meir tilgjengeleg arbeidskraft til anna og nyttigare verksemd og med det heller ikkje det presset på lønningar som ofte følger knappheit på arbeidskraft.


Det er korrekt at velstående land har ein langt mindre del av dei yrkesaktive i primærnæringane enn fattige land. Men den økonomiske situasjonen ser ikkje spesielt god ut i land som Belgia, Storbritannia og Tyskland, som ligg på pluss/minus ein prosent i primærnæringane. Dei landa som no er i raskast økonomisk framgang, har langt fleire.

Det å basere seg på importmat inneber svekking av landas mattryggleik og militære tryggleik. Krig, sjukdommar på menneske, dyr og planter og like eins klimaendringar gjer matimport sårbar. Før andre verdskrig til dømes hadde Storbritannia prioritert ned matproduksjonen. Dei måtte byggje opp att matproduksjon samtidig med at dei forsvara seg mot Hitler-Tykland, og dei pressa fram auka kornimport frå kolonien India, med det resultatet at mellom 2,5 og 4 millionar indarar døydd av svolt eller sjukdommar som hadde med svolt å gjere. Benelux-landa hadde også redusert og spesialisert, og dei vart ramma av massesvilt dei siste krigsåra.

## DEN ANDRE TENDENSEN

Om hovudtendensen er avvikling av småbruk, er det ein tendens til, det den nederlandske økonomen Jan Douwe van der Ploeg kallar *re-peasantization*, ny småbruksvekst. I dei fleste land har det oppstått rørsler for å drive med småbruk, som levebrød og/eller saman med andre levebrød. Dette er nye bønder, og dei utgjer, skriv van der Ploeg, vårt hundreårs småbrukarrørsle og ikkje tidlegare tidars. Dei nye bøndene vil leve nær naturen, drive kroppsarbeid, vere økonomisk uavhengige og

## SHARE OF AGRICULTURE, FORESTRY AND FISHING EMPLOYMENT IN TOTAL EMPLOYMENT BY REGION



Grafisk framstilling av nedgangen i sysselsetjing i primærnæringane dei siste tiåra i verdsdelane. Frå FAO: Statistical Yearbook 2023.

vere trygge på at dei og familiane lever sunt og et rein mat, og dei førebur seg og familiane på ei krevjande framtid. Berre unntaksvis har slike rørsler fått nemnande offentleg hjelp, og ofte har dei møtt motbør både frå styresmakter og det etablertelandbruket.

Derimot har eitt trekk i landbruksøkonomien vist seg å vere i deira favør. I Stalins Sovjet, Maos Kina og presidentane sitt USA har driftsmåtar med store gardsbruk, kollektivbruk, med leigde arbeidarar vorte utprøvde, men det har aldri lykkast særleg godt.

Kvifor er familien den beste arbeidsstokken på gardsbruk verda over, spør den svenske landbruksøkonomen Olof Bolin. Kvifor startar ikkje storselskapa, Volvo til dømes, sine kapitalistiske variantar av kapitalismens agroindustri eller kommunismens kollektivbruk? Han svarar med å vurdere driftsmåtane i det meste av landbruket. Attåt det daglege rutinearbeidet er det arbeidstoppar, vatning, grasslått, kornhausting, kalving, lamming, ugrasluking og mykje av det andre som høyrer landbruket til. Til dette trengst ein stor arbeidsinnsats, og familiearbeidet kan aldri erstattast av lønnsarbeidarar med krav på fast arbeidstid, helgefri og feriar. Til dette er også lokalkunnskap uvurderleg, om tilgjengelege åkrar, lokalt klima, beiteforhold, skredfare, erosjonsfare og alle dei andre spørsmåla småbønder kjenner til, ofte kunnskapar som er opparbeidde gjennom mange generasjonar. Det finst difor ingen rasjonell grunn til å subsidiere kapital framfor arbeidskraft i landbruket, hevdar Bolin. I minst like stor grad som det finst stordriftsfordelar, finst

smådriftsfordelar, og innsikt i dette og tilrettelegging for mange og små bruk er god landbrukspolitikk.

## SMÅBRUK – VEIKSKAP ELLER STYRKE?

Me kan sjå på eit par nordiske døme:

Meir enn 19.000 bureisingsbruk vart til i Norge på 1900-talet, dei fleste i mellomkrigstida. Bureisinga var med og reduserte utvandringa til Amerika, det heldt mange unna fattigkassa, og det gjorde at landet kom unna andre verdskrig utan massesvult. Medan ein av tre yrkesutøvarar då var i landbruket, er altså no knapt ein av femti der.

Eit anna døme er Finland etter andre verdskrig. Mykje gjekk Finland

imot åra føreåt og desse åra. Dei var eit utarma land, med over 90.000 krigsdøde, mange skadde, enker og farlause barn, øydelagde bygningar og tap av 11 prosent av landområdet. Medan andre nordiske land fekk Marshall-hjelp frå USA, måtte Finland betale krigsrestatningar til Sovjet. Og dei hadde stor utvandring, særleg til Sverige, ein kvart million for alltid, og ein halv million mellombels. Landet hadde rett nok mykje skog, men trelast og treprodukt var lite verdsette på verdsmarknaden. Fagfolk i økonomi rådde dei til å følge den marknadsliberale oppskrifta, importere meir mat frå andre land og heller satse einssidig på industri. Finland valde å gå motsett veg. Dei delte ut statsjord, eksproprieterte vanstelt og lite brukt jord frå storbønder og parsellerte ut småbruk og minibruk. Dette gjorde dei på same tid som dei betalte krigsrestatningar, bygde opp industri, satsa på utdanning, helse, vaksenopplæring og bibliotekvesen. Og dei tok innpå eller innhenta dei andre nordiske landa med Marshall-hjelp, når det gjaldt levestandard og levealder. Endå om økonomar og politikarar knapt vågar å tenkje tanken, synest det vere meir som tyder på at Finlands småbruksatsing var ein styrke enn eit hinder for framgang.

Hovudkjelder:

Olof Bolin: Familiejordbruket – ein vinnar.


I Dag Jørund Lønning (red): Bønder i soloppgang? Boksmia 2000.

FAO: Statistical yearbook of agriculture 2023

Jan Douwe van der Ploeg: Seven theses about re-peasantization, its relevance and foundations. Nett-artikkel 2024.

Eric Vanhoute: Peasants in World History, 2021.

Eric Wolf: Peasants. 1966.



Norge som døme. Graf frå SSB 2022: Kva vi jobbar med: Frå åker og eng til fabrikk og kontor. År 1900: 456.000 i primærnæringane, år 2020: 65.000, d.e. sjudelen.

# THERESE ARNESEN PÅ INNSIDA AV FN-ARBEIDET MED SMÅBØNDERS RETTAR

Under årets markering av verdas småbrukardag 17. april i regi av Spire, Latin-Amerikagruppene i Norge og internasjonalt utval i Norsk Bonde- og Småbrukarlag var Therese Arnesen frå FN's høgkommissær for menneskerettar med på nett frå Geneve.

Ho innleia om FN's arbeid med menneskerettane og i forlenging av dette: oppfølging og implementering av rettane i FN-erklæringa om småbønders rettार.

## IRRITERANDE VESLEBROR?

Mandatet til høgkommissæren for menneskerettar er, naturleg nok, å fremje menneskerettar. Therese og kollegaene hennar jobbar for og med FN's medlemsland med dette. Dei jobbar tett med sivilsamfunn, globalt og lokalt, og med menneskerett-sinstitusjonar.

Dei jobbar også saman med resten av FN-systemet for å hjelpe dei å implementere menneskerettane i sitt arbeid. Stundom, når dei ser at stille diplomati ikkje fungerer, går dei ut og pratar om menneskerettsbrot. I mange samanhengar er dei nok «den irriterande veslebroren», fordi dei pratar om ting som ein del statar ikkje ynskjer dei skal trekkje fram. Det kan òg vere vanskeleg for enkelte

av samarbeidspartnarane i FN-systemet. Når Therese skal fortelje kor mange land dei er til stades i, seier ho «rundt 100», fordi dei på grunn av arbeidet sitt stadig blir kasta ut av land som ikkje ynskjer å ha dei der.



## SMÅBØNDENE TRONG STERKARE VERN

Med dette som bakteppe fortel ho meir om høgkommissærens arbeid med UNDROP. Tittelen står for *United Nations Declaration on the Rights of Peasants and Other People Working in Rural Areas*, som me på norsk kallar FN-erklæringa om småbønders rettार. Erklæringa konkretiserer kva menneskerettane

skal bety for småbønder og andre grupper bygdefolk, som utgjer over 2,5 milliardar menneske globalt. Eit bakteppe for erklæringa var at mange av dei som produserer mat, paradoksalt nok er dei som lever i størst svolt og fattigdom. Dei har sær-

eigne utfordringar og behov som ikkje var konkret nok ivaretekne av dei opphavlege menneskerettane.

Den framforhandla FN-erklæringa om småbønders rettार vart vedteken av FN i 2018, etter fem års mellomstatlege forhandlingar. Drivkrafta bak var den internasjonale småbrukarrørsla La Via Campesina, men også andre organisasjonar, som FIAN, og landet Bolivia, hadde leiande roller i forhandlingane.

## LANDKONFLIKT OG LANDKONTOR

Eit sentralt spørsmål Therese lyfter i innleiinga er «kva skjer med jorda». Ho viser til klimaendringar, sterke kapitalinteresser og industrielt jordbruk, og at det er

veldig mykje press på jorda og menneska som lever av den. Ho trekkjer også ein parallell til bakgrunnen for markeringa av verdas småbrukardag den 17. april, som er ein tragisk massaker i regi av myndighetene i Brasil for 18 år sidan, mot småbønder som prøvde å beskytte jorda si. Vidare fortel Therese at FN-systemet har sterke *landkontor* i

Sør-Amerika, til dømes i Colombia og Honduras. Disse jobbar med myndighetene, men også med bønder, fiskarar, cola-dyrkarar, afro- og urfolk med fleire. I Sør-Amerika generelt er det mykje konflikt over land, både mellom forskjellige folkegrupper og mellom økonomiske interesser.

## FN HJELPER STATANE

Staten har hovudansvaret for å fremje og beskytte menneskerettane og stelle det slik til at folket kan nyte dei universale rettane dei har, understrekar Therese, men økonomiske interesser, både frå selskap som held til i eit land og som jobbar på tvers av landegrensar, legg mykje press på rettane. Therese sine kollegaer i felt jobbar altså midt imellom desse gruppene, med hovudintensjon om å fremje menneskerettane til folka på bakken, ved å forklare kva rettar folk allereie har, og kva det betyr – spesielt då ovanfor myndighetene, og kva handlingar myndighetene må ta føre seg for å beskytte desse rettane. Therese trekjer fram spanande arbeid i Honduras, der dei spesielt jobbar med organisasjonar som representerer bønder, for å finne løysingar på konflikter som handlar om land, ressursar, jordbruk, feilslåtte jordbruksreformar som ofte har fremja interessene av dei store, «agrobusiness», og problem med økonomiske interesser som trumfar andre interesser.

## TRUMFAR IKKJE URFOLKRETTAR

Therese fekk også høve til å kommentere innlegga til gjester me hadde fysisk med oss i Oslo, frå Malawi, Guatemala og Colombia, som representerte bønder i sine land. Eit problem alle trakk fram, var kvinners rett til land. Therese bekreftar at dette er grunnleggjande i UNDROP. Gjesten frå Guatemala var dessutan urfolkskvinne, og prata om urfolks rettar. Therese fortel at mykje av konflikten kollegaene hennar rapporterer om frå felt, handlar om ulike gruppers rettar, og enkelte kan tolke erklæringa om småbønders rettar i kontrast til erklæringa for urfolk. Då er det viktig å ha med seg at erklæringa om småbønders rettar også, heilt i

utgangspunktet, i artikkel 1, stadfester rettane som inkluderer urfolk og lokale samfunn som jobbar på bygda. Dette er veldig viktig, understrekar Therese.

## NORGE SOM REFERANSE-PUNKT

I Norge er me privilegerte i mange spørsmål, spesielt med tanke på det rommet folk har for å ytre sine krav og bekymringar. Therese seier at dess meir Norge pressar på for å anerkjenne småbønders rettar, dess høgare blir standarden globalt. Norge er eit referansepunkt for mange. Difor skuffar det Therese at Norge enno ikkje anerkjenner erklæringa om småbønders rettar. Ho oppfordrar til å presse på for tilslutning, fordi det vil gje meir tyngde bak erklæringa globalt dersom Norge står bak. Dessutan håpar ho norske styresmakter vil lage ei norsk omsetjing av erklæringa, og hyllar NBS sitt initiativ for å gjere dette i eigen regi i påvente av at myndighetene tek tak. Slikt arbeid blir også gjort av FNs landkontor, der dei ser behov for å gjere folk sine rettar meir tilgjengelege for folk. At interesserte må leite dei fram frå ei digital FN-plattform på eit av dei seks FN-språka, er ikkje godt nok.

## NY EKSPERTGRUPPE FOR UNDROP-ARBEIDET

Therese sette søkelyset på spesialrapportørane til FN mot slutten av si innleiing. Desse blir støtta av kontoret Therese jobbar for, dei blir utnemnde av menneskerettsrådet, og dei har allereie gjort mykje relevant arbeid i forhold til rettane som er i UNDROP, til dømes retten til mat. Nyleg vart det nedsett ei arbeidsgruppe som skal jobbe med UNDROP spesifikt, fortel Therese. Det er igjen eit initiativ fremja av Bolivia, vedteke i fjor i menneskerettsrådet. Rådet har fem globale ekspertar som representerer dei ulike FN-regionane, og skal jobbe med desse spørsmåla gjennom å reise på landbesøk, bestille tema-rapportar og jobbe med individuell kommunikasjon, slik at alle som opplever brot på sine rettar, kan kontakte dei. Så vil dei vurdere saka og sjå om dei kan engasjere seg. FN ser dette som eit veldig viktig verktøy for å følgje

opp arbeidet som er gjort så langt med UNDROP.

## OGSÅ NORSK CIVIL-SAMFUNN BØR BRUKE FN

Sist oppfordrar Therese folk til å bruke FN-systemet. FN-kontor er i dei fleste av verdas land, med tilsette som sivilsamfunn og organisasjonar kan få kontakt med. Det finst også eit heilt system i Geneve som me kan jobbe med, også ekspertkomitéane som jobbar med å sjå på korleis land implementerer internasjonale konvensjonar, til dømes konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Norge har ratifisert den, men har ikkje ratifisert ein individuell kommunikasjonsprosedyre. Det ville vore Norge verdig å gjere det, meiner Therese, sånn at folk kan kome nærmare styresmaktene også på det internasjonale nivået når dei ikkje når fram innan eigen nasjon. FIAN Norge er døme på ein organisasjon som har engasjert seg med slike komitear i Geneve. Dei har vore og briefa komiteen for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, og levert skriftlege rapportar for å vege opp for den nasjonale rapporten Norge leverte då Norges arbeid skulle bli vurdert av komiteen. Som kjent kan styresmaktene rapportar vere ganske blomstrande. Nettopp difor treng FN sivilsamfunnsorganisasjonar til å ytre seg der dei kan, der dei tør, og der det er trygt å snakke - noko det stort sett er i Norge, i motsetnad til mange land. Therese avsluttar med takk for invitasjon, og seier me gjerne må skrive til FNs høgkommissær for menneskerettar og gjerne invitere dei på nye møte.

Margit Fausko

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE-  
OG SMÅBRUKARLAG

Leiar Margit Fausko,  
e-post [margit@fausko.no](mailto:margit@fausko.no)  
Jens Erik Furulund,  
e-post [jenserik.furulund@gmail.com](mailto:jenserik.furulund@gmail.com)  
René Cortis,  
e-post [rene.cortis@gmail.com](mailto:rene.cortis@gmail.com),  
Audun Emil Tvedten,  
e-post [audun.e.tvedten@gmail.com](mailto:audun.e.tvedten@gmail.com)  
Olav Randen,  
e-post [boksmia@online.no](mailto:boksmia@online.no)